



## STORTINGET

# Innst. 65 S

(2021–2022)

Innstilling til Stortinget  
fra arbeids- og sosialkomiteen

Dokument 8:16 S (2021–2022)

**Innstilling fra arbeids- og sosialkomiteen om Representantforslag fra stortingsrepresentantene Erlend Wiborg og Sylvi Listhaug om å sikre rettigheter til dagpenger og sykepenger for alle arbeidstakere uten aldersdiskriminering**

Til Stortinget

## Bakgrunn

I dokumentet fremmes følgende forslag:

- «1. Stortinget ber regjeringen fremme nødvendige lovforslag for å sikre rett til dagpenger og sykepenger for alle arbeidstakere uavhengig av alder.
2. Stortinget ber regjeringen stoppe krav om tilbakebetaling av dagpenger for eldre arbeidstakere som fikk dette utbetalt av Nav under koronapandemien.»

Det vises til dokumentet for nærmere redegjørelse for forslagene.

## Komiteens behandling

Komiteen ba i brev av 21. oktober 2021 om statsrådets vurdering av forslaget. Statsrådets svarbrev av 5. november 2021 følger vedlagt.

## Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Tuva Moflag, Runar Sjøstad, Trine Lise Sundnes og Torbjørn Vereide, fra Høyre, Henrik Asheim, Anna Molberg og Aleksander Stokkebø, fra Senterpartiet, Eivind Drivenes og Per Olaf Lundteigen, fra Fremskrittspartiet, Dagfinn Henrik Olsen og Gisle Meininger Saudland, fra Sosialistisk Venstreparti, lederen Kirsti Bergstø, og fra Rødt, Mímir Kristjánsson, viser til at formålet med dagpenger under arbeidsløse er å gi delvis dekning for bortfall av arbeidsinntekt ved arbeidsløse, medan ein aktivt søkjar arbeid. Retten til dagpenger fell bort når ein fyller 67 år.

Komiteen viser vidare til at formålet med sjukepengar er å gi kompensasjon for bortfall av arbeidsinntekt for yrkesaktive medlemmer som er arbeidsuføre på grunn av sjukdom eller skade. Det blir ikkje ytt sjukepengar for personar over 70 år. For personar mellom 67 og 70 år blir sjukepengar ytte i inntil 60 sjukepengedagar (12 veker). For personar under 67 år blir sjukepengar ytte i inntil 260 dagar (52 veker).

Fleirtalet i komiteen, medlemmene frå Arbeidarpartiet, Høgre og Senterpartiet, viser til at aldersgrensene har vore uendra sidan levealdersjustering av alderspensjon blei innført i 2011. Pensjonsreforma innebar blant anna endringar i når ein kan ta ut alderspensjon frå folketrygda. Alderspensjon kan takast ut frå 62 år, dersom ein har tilstrekkeleg opp-tening til at pensjonsnivået ved 67 år minst svarar til minste pensjonsnivå. Frå 67 år har alle rett til å ta ut alderspensjon. Uttaksreglane er nøytrale, som inneber at

årleg pensjon blir høgare dess seinare den blir teken ut, fram til fylte 75 år. All pensjonsgivande inntekt gir auka opptening til pensjon, fram til fylte 75 år. Alderspensjon kan fritt kombinerast med arbeid, og det er heller inga avkorting av dagpengar eller sjukepengar mot alderspensjon frå folketrygda.

Frå 2011 er det innført levealdersjustering av alderspensjon. Levealdersjustering inneber at alderspensjonen blir justert etter forventa levealder for kvart enkelt årskull. Dersom levealderen i befolkninga fortset å auke, vil levealdersjusteringa føre til at yngre årskull får noko lågare alderspensjon ved ein gitt uttaksalder. Ein kan kompensere for dette ved å fortsetje lenger i arbeid og utsetje uttaket av pensjon. 1954-kullet, som fyller 67 år i 2021, må stå i arbeid til om lag 68 år og 2 månader for å kompensere for effekten av levealdersjusteringa. 1963-kullet, som er det fyrste årskullet som fullt ut er omfatta av nye oppteningsreglar, må stå i arbeid til om lag 69 og ei halvt år for å kompensere for effekten av levealdersjusteringa. 1985-kullet, som fyller 67 år i 2052, vil måtte stå i arbeid til om lag 72 år for å kompensere for effekten av levealdersjusteringa.

Fleirtalet meiner alderspensjon skal sikre inntekt for personar i alderdomen og leggje til rette for ein fleksibel og gradvis overgang frå arbeid til pensjon. Med gjeldande regelverk vil andre ordningar i folketrygda kunne ytast fram til 67 år, og alle som ikkje er i stand til å forsørge seg sjølv gjennom eige arbeid, er dermed sikra inntekt. Rett til tidleg uttak av alderspensjon innskrenkar heller ikkje retten til sjukepengar og dagpengar, og mange vil dermed kunne ha ei dobbelt inntektsikring mot slutten av arbeidslivet som inneber at ein fram til fylte 67 år slepp å tære på eiga pensjonsbeholdning dersom ein blir ramma av sjukdom eller arbeidsløyse. Mottak av dagpengar og sjukepengar etter fylte 62 år inneber også at ein tener opp ytterlegare pensjonsrettar.

Eit anna fleirtal, alle unnateke medlemene frå Framstegspartiet og Raudt, vil peike på at eventuelle endringar i aldersgrensene i folketrygda kan gi omfattande budsjettkonsekvensar. Regjeringa Solberg sette før sommaren 2020 ned eit utval som skal evaluere pensjonsreforma. I mandatet til utvalet heiter det at utvalet:

«(...) skal vurdere aldersgrensene i pensjonssystemet i sammenheng med en vurdering av aldersgrensene i øvrige inntektssikringsordninger og utviklingen i alderen hvor det er vanlig å trekke seg ut av arbeidsmarkedet.»

Utvalet skal levere innstillinga si 1. mars 2022. Dette fleirtalet meiner det er tilrådeleg å sjå dette, og arbeidet med aldersgrenser for inntektssikringsordningar, i samanheng.

Dette fleirtalet viser til at grunnen til at ein del personar fekk utbetalt forskott på dagpengar utan at vilkåra for å få dagpengar var oppfylte, til dømes fordi dei hadde fylt 67 år, var enkel og heilautomatisert søknadsløysing med få kontrollar.

Folketrygdloven § 22-15 gjev Arbeids- og velferds-etaten heimel til å krevje for mykje utbetalt trygd tilbake frå dei som mellom anna anten har gitt uriktige eller mangelfulle opplysningar om høve som hadde betydning for ytinga, eller som urettmessig har motteke yttinga sjølv om dei burde visst at dei ikkje hadde rett på ho. Desse reglane gjeld tilsvarande for forskott på dagpengar. I søknadsportalen for forskottsordninga har det heile tida mellom anna vore opplyst at ordninga gjeld dei som fyller dei grunnleggjande vilkåra for dagpengar, og at for mykje utbetalt forskott skal betalast attende. Dette fleirtalet meiner difor innkrevjinga av feilutbetalt forskott frå mottakarar som har fylt 67, ikkje bør stoppast.

Dette fleirtalet rår til at representantforslaget ikkje vert vedteke.

Flertallet i komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre og Senterpartiet, mener det kan være gode grunner til å endre reglene for dagpenger og sykepenger for arbeidstakere over 67 år. Flertallet mener likevel det er viktig å gjøre denne typen endringer samlet, fremfor å stykkevis endre ulike deler av pensjonssystemet vårt uten å se alle sammenhenger. Flertallet vil derfor avvende den helhetlige innstillingen fra pensjonskommisjonen som er varslet fremlagt i mars 2022. Videre mener flertallet at det er et viktig prinsipp at endringer i ordningene ikke har tilbakevirkende kraft, og er derfor uenig i å stanse tilbakebetalingen av dagpenger som er utbetalt ved en feil under dagens regelverk.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til at alle partier med unntak av Fremskrittspartiet stod bak pensjonsreformen i 2011. En av konsekvensene av reformen er at yngre generasjoner må stå vesentlig lenger i arbeid for å oppnå samme pensjon som dagens pensjonister fikk ved allmenn pensjonsalder på 67 år. Det betyr at det er nødvendig at flere eldre står i arbeid lenger for at samfunnet skal klare å yte en pensjon til fremtidige generasjoner tilsvarende dagens nivå.

Disse medlemmer er glad for at det i de senere år har blitt gjort flere endringer for at flere skal ha anledning til å stå lenger i arbeid, etter påtrykk fra Fremskrittspartiet. I 2015 ble øvre aldersgrense endret fra 70 til 72 år, og senere er retten til å opptjene pensjonspeng hevet til fylte 75 år. Stortinget har med det gjort flere grep for at flere eldre skal bidra mer, men rettighetene i folketrygden, som dagpenger og sykepenger, har ikke

tilpasset seg den virkeligheten landets fremtidige pensjonister vil møte. Disse medlemmer viser til at alder i seg selv ikke har noen betydning for om en gjør en god eller dårlig jobb. Det at stadig flere ønsker å stå i arbeid lenger, er et gode for samfunnet og bør stimuleres, ikke straffes.

Disse medlemmer mener rettigheter, forventninger og plikter må henge sammen. Når det forventes at fremtidens pensjonister skal stå lenger i arbeid, skaper det et behov for å justere aldersgrensene som ligger i folketrygdloven for rett til dagpenger ved arbeidsledighet og sykepenger ved sykefravær, slik at rett til ytelse gjenspeiler forventningene vi har til hvor lenge dagens yngre arbeidstakere skal stå i arbeid. De som ikke omfattes av pensjonsreformen, men som likevel ønsker å stå lenger i jobb, bidrar også til fellesskapets beste og bør således også ha rettighet til dagpenger og sykepenger på lik linje som dagens arbeidstakere under 67 år.

Disse medlemmer fremmer på denne bakgrunn følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen fremme nødvendige lovforslag for å sikre rett til dagpenger og sykepenger for alle arbeidstakere uavhengig av alder.»

«Stortinget ber regjeringen stoppe krav om tilbakebetaling av dagpenger for eldre arbeidstakere som fikk dette utbetalt av Nav under koronapandemien.»

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet og Rødt viser til at arbeidstakere i denne gruppen søkte om dagpenger fra Nav da covid-19-pandemien traff Norge og flere ble permittert eller mistet jobben. Mange fikk utbetalt forskudd på dagpenger, også de som ikke oppfylte kravet om alder. Denne gruppen har fått krav om tilbakebetaling. Disse medlemmer mener informasjonen om kravet til alder var for dårlig kommunisert, og mener det er urimelig at mange nå blir satt i en økonomisk vanskelig situasjon. Prinsippet om at alle som deltar i yrkeslivet skal ha de samme rettigheter, må være det bærende prinsippet.

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti understreker at det er viktig at Nav tar hensyn til den enkeltes økonomi og legger opp til realistiske planer for tilbakebetaling av dagpenger fra de som har fått dette uriktig utbetalt.

Dette medlem viser til at pensjonsreformen har medført lavere pensjonsutbetalinger for svært mange, og rammer særlig utsatte yrkesgrupper. Dette med-

lem viser til det nedsatte utvalget som skal evaluere pensjonsreformen, som har som en del av sitt mandat å vurdere aldersgrensene i pensjonssystemet i sammenheng med en vurdering av aldersgrensene i øvrige inntektssikringsordninger. Dette medlem understreker at det er viktig å avvente utvalgets arbeid.

Komiteens medlem fra Rødt påpeker at pensjonsreformen har store sosiale konsekvenser. Dette medlem viser til at morgendagens arbeidere må stå i jobb lenger enn dagens dersom de skal oppnå en pensjon å leve av. Dette medlem mener derfor det er på sin plass å justere reglene for dagpenger og sykelønn slik at også arbeidere over 67 blir omfattet av disse ordningene. Dersom målet er at flere skal stå lenger i jobb, må også det sosiale sikkerhetsnettet utvides forbi 67 års alder.

## Forslag fra mindretall

### Forslag fra Fremskrittspartiet:

#### Forslag 1

Stortinget ber regjeringen fremme nødvendige lovforslag for å sikre rett til dagpenger og sykepenger for alle arbeidstakere uavhengig av alder.

#### Forslag 2

Stortinget ber regjeringen stoppe krav om tilbakebetaling av dagpenger for eldre arbeidstakere som fikk dette utbetalt av Nav under koronapandemien.

## Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Høyre, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til representantforslaget og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

Dokument 8:16 S (2021–2022) – Representantforslag fra stortingsrepresentantene Erlend Wiborg og Sylvi Listhaug om å sikre rettigheter til dagpenger og sykepenger for alle arbeidstakere uten aldersdiskriminering – vedtas ikke.

Oslo, i arbeids- og sosialkomiteen, den 7. desember 2021

**Kirsti Bergstø**

leder

**Per Olaf Lundteigen**

ordfører



DET KONGELIGE  
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

Statsråden

Arbeids- og sosialkomiteen i Stortinget  
Stortinget  
Postboks 1700 Sentrum  
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

21/3536-

5. november 2021

## **Representantforslag 16 S (2021–2022) frå stortingsrepresentantane Erlend Wiborg og Sylvi Listhaug**

Eg viser til brev av 21. oktober 2021 der arbeids- og sosialkomiteén ber om mi vurdering av forslag i dokument 8:16 S (2021–2022) frå stortingsrepresentantane Erlend Wiborg og Sylvi Listhaug *om å sikre rettigheter til dagpenger og sykepenger for alle arbeidstakere uten aldersdiskriminering.*

Arbeids- og sosialkomiteén ber om ei vurdering av følgjande forslag:

- 1. Stortinget ber regjeringen fremme nødvendige lovforslag for å sikre rett til dagpenger og sykepenger for alle arbeidstakere uavhengig av alder.*
- 2. Stortinget ber regjeringen stoppe krav om tilbakebetaling av dagpenger for eldre arbeidstakere som fikk dette utbetalt av Nav under koronapandemien.*

Forslagsstillarane viser til at pensjonsreforma legg til grunn at komande seniorar er forventa å arbeide lenger enn seniorane i dag, samtidig som den øvre aldersgrensa for rett til dagpengar og sjukepengar er uendra. Før eg kjem med mi vurdering av forslaget, vil eg fyrst gjere greie for regelverket for dagpengar og sjukepengar for eldre arbeidstakarar. Eg vil også gjere greie for levealdersjusteringa som blei innført med pensjonsreforma, og effekten denne har for dei ulike årskulla.

### **Gjeldande regelverk**

Formålet med dagpengar under arbeidsløyse er å gi delvis dekning for bortfall av arbeidsinntekt ved arbeidsløyse, medan ein aktivt søkjar arbeid. Retten til dagpengar fell bort når ein fyller 67 år. Formålet med sjukepengar er å gi kompensasjon for bortfall av

arbeidsinntekt for yrkesaktive medlemmer som er arbeidsuføre på grunn av sjukdom eller skade. Det blir ikkje ytt sjukepengar for personar over 70 år. For personar mellom 67 og 70 år blir sjukepengar ytte i inntil 60 sjukepengedagar (12 veker). For personar under 67 år blir sjukepengar ytte i inntil 260 dagar (52 veker). Aldersgrensene har vore uendra sidan levealdersjustering av alderspensjon blei innført i 2011.

Pensjonsreforma innebar blant anna endringar i når ein kan ta ut alderspensjon frå folketrygda. Alderspensjon kan takast ut frå 62 år, dersom ein har tilstrekkeleg opptening til at pensjonsnivået ved 67 år minst svarar til minste pensjonsnivå. Frå 67 år har alle rett til å ta ut alderspensjon. Uttaksreglane er nøytrale, som inneber at årleg pensjon blir høgare dess seinare den blir teken ut, fram til fylte 75 år. All pensjonsgivande inntekt gir auka opptening til pensjon, fram til fylte 75 år. Alderspensjon kan fritt kombinerast med arbeid, og det er heller inga avkorting av dagpengar eller sjukepengar mot alderspensjon frå folketrygda.

Frå 2011 er det innført levealdersjustering av alderspensjon. Levealdersjustering inneber at alderspensjonen blir justert etter forventa levealder for kvart enkelt årskull. Dersom levealderen i befolkninga fortset å auke, vil levealdersjusteringa føre til at yngre årskull får noko lågare alderspensjon ved ein gitt uttaksalder. Ein kan kompensere for dette ved å fortsetje lenger i arbeid og utsetje uttaket av pensjon. 1954-kullet, som fyller 67 år i 2021, må stå i arbeid til om lag 68 år og 2 månader for å kompensere for effekten av levealdersjusteringa. 1963-kullet, som er det fyrste årskullet som fullt ut er omfatta av nye oppteningsreglar, må stå i arbeid til om lag 69 og ei halvt år for å kompensere for effekten av levealdersjusteringa. 1985-kullet, som fyller 67 år i 2052, vil måtte stå i arbeid til om lag 72 år for å kompensere for effekten av levealdersjusteringa.

## **Vurdering**

Etter pensjonsreforma har sysselsetjinga blant eldre økt, spesielt har avgangsalderen auka blant dei som arbeider i privat sektor med AFP-avtale. Det har også vore ein auke i avgangsalderen i offentleg sektor. I privat sektor utan AFP-avtale, der ein før pensjonsreforma i utgangspunktet måtte stå i arbeid til 67 år før ein kunne ta ut pensjon, har det vore ein liten nedgang i gjennomsnittleg avgangsalder. Dette må sjåast i samanheng med at mange i denne gruppa etter pensjonsreforma har fått høve til tidleg pensjon. Variasjonen i åtfærdinga har auka; somme vel tidleg uttak og avgang, mens andre vel å stå i arbeid lengre enn 67 år og vil dermed kompensere for heile eller delar av effekten av levealdersjusteringa.

Alderspensjon skal sikre inntekt for personar i alderdomen og leggje til rette for ein fleksibel og gradvis overgang frå arbeid til pensjon. Med gjeldande regelverk vil andre ordningar i folketrygda kunne ytast fram til 67 år, og alle som ikkje er i stand til å forsørge seg sjølv gjennom eige arbeid er dermed sikra inntekt. Rett til tidleg uttak av alderspensjon innskrenkar heller ikkje retten til sjukepengar og dagpengar, og mange vil dermed kunne ha ei dobbelt inntektssikring mot slutten av arbeidslivet som inneber at ein fram til fylte 67 år slepp å tære på eige pensjonsbeholdning dersom ein blir ramma av sjukdom eller

arbeidsløyse. Mottak av dagpengar og sjukepengar etter fylte 62 år inneber også at ein tener opp ytterlegare pensjonsrettar.

Aldersgrensene i dei andre folketrygdytingane har bakgrunnen sin i systemet til den gamle alderspensjonen der det var éin allmenn pensjonsalder. I eit system som opnar for fleksibelt uttak av alderspensjon vil behovet for inntektssikring ved bortfall av arbeidsinntekt variere i langt større grad. Personar som står i arbeid lengre enn 62 år kan både ha behov for – og forventningar om – anna inntektssikring enn alderspensjon frå folketrygda. Ei vurdering av arbeidsdelinga mellom alderspensjonen og andre ordningar i folketrygda inneber avvegingar av motstridande omsyn. Gevinsten av å utsetje uttak av alderspensjon med eitt år er om lag 7,5 prosent høgare årleg pensjonsytning (avhengig av individuelle forhold som oppteningsgrunnlag, fødselsår og alder for uttak). Ein person som elles ville hatt avgang frå arbeidslivet og starta uttak av alderspensjon ved 62 år, vil altså få om lag 15 prosent høgare alderspensjon per år dersom vedkomande får innvilga dagpengar ved 62 år og utset uttaket av alderspensjon fram til dagpengeperioden på to år stoppar.

Det er viktig at ordningane i folketrygda støttar oppunder arbeidslinja, og at den øvre aldersgrensa for desse ytingane ikkje er høgare enn det som er ein vanleg avgangsalder frå arbeidslivet.

Eventuelle endringar i aldersgrensene i folketrygda vil kunne gi omfattande budsjettkonsekvensar, og omfattande utslag for nivået på alderspensjon. Regjeringa Solberg satt før sommaren 2020 ned eit utval som skal evaluere pensjonsreforma. I mandatet til utvalet heiter det at utvalet «(...) skal vurdere aldersgrensene i pensjonssystemet i sammenheng med en vurdering av aldersgrensene i øvrige inntektssikringsordninger og utviklingen i alderen hvor det er vanlig å trekke seg ut av arbeidsmarkedet». Utvalet skal levere innstillinga si 1. mars 2022. Eg meiner det er tilrådeleg å sjå dette, og arbeidet med aldersgrenser, i samanheng.

Då Noreg blei stengd ned som følgje av covid-19-utbrotet i mars 2020 vart svært mange permitterte eller oppsagde. Talet på dagpengesøknader til Arbeids- og velferdsetaten blei mangedobla på kort tid. Fordi Arbeids- og velferdsetaten ikkje hadde kapasitet til å behandle alle sakene raskt nok til å sikre inntekt innan rimeleg tid, blei det på kort tid etablert ei ordning som gjorde det mogeleg å få utbetalt eit forskott på dagpengar. Alle som hadde søkt dagpengar, kunne søkje om forskott. Søknaadsløysinga var enkel og heilautomatisert, slik at utbetalinga av forskott skulle skje raskt. Difor låg det også få kontrollar i løysinga, og ein del av dei som fekk utbetalt forskott, viste seg seinare å ikkje fylle vilkåra for dagpengar, til dømes fordi dei hadde fylt 67 år.

Folketrygdloven § 22-15 gjev Arbeids- og velferdsetaten heimel til å krevje for mykje utbetalt trygd tilbake frå dei som mellom anna anten har gitt uriktige eller mangelfulle opplysningar om høve som hadde betydning for ytinga, eller som urettmessig har motteke ytinga sjølv om dei burde visst at dei ikkje hadde rett på henne. Desse reglane gjeld tilsvarande for forskott på dagpengar. I søknadsportalen for forskottsordninga har det heile tida mellom anna vore

opplyst at ordninga gjeld dei som har søkt dagpengar, som fyller dei grunnleggjande vilkåra for dagpengar og at for mykje utbetalt forskott skal betalast attende. Det er også lagt lenkjer til ytterlegare informasjon. Dei som søker om dagpengar, får klår informasjon om at dei ikkje har rett til dagpengar viss dei har fylt 67 år. Dei som har søkt om forskott, har difor vore oppfordra til å skaffe seg informasjon om vilkåra for å få forskott. Dei aller fleste burde då ha forstått at dei ikkje hadde rett til forskott.

Eg kan ikkje sjå nokon grunn til å stoppe innkrevjinga av feilutbetalt forskott frå mottakarar som har fylt 67 år. Det ville i så fall innebære ei forskjellsbehandling samanlikna med alle andre som heller ikkje fylte vilkåra og som også har fått krav om tilbakebetaling av forskott. Dei som meiner at vilkåra for tilbakebetaling ikkje er oppfylt, til dømes dersom dei har motteke forskott i aktsam god tru, kan bruke retten til å klage over vedtaket om tilbakebetaling.

Med helsing

A handwritten signature in blue ink that reads "Hadia Tajik". The signature is written in a cursive style with a large initial "H" and "T".

Hadia Tajik

